



|  |
|--|
|  |
|--|

|                     |           |
|---------------------|-----------|
| <b>Arkiv saknr:</b> | 2015/3500 |
| <b>Løpenr.:</b>     | 6108/2016 |
| <b>Arkivkode:</b>   | 100/125   |

| Utval                 | Møtedato | Utval Saksnr |
|-----------------------|----------|--------------|
| Plan- og miljøutvalet |          |              |

Sakshandsamar: Turid Opsund Mæland

## Mindre endring av reguleringsplan for Botn Vest - veg til eigedom 100/125

### Vedlegg:

- 1 Detaljregulering for Botn Vest 100/1 - mindre endring veg til 100/125
- 2 kart.vei.gnrbnr.100.125
- 3 Søknad om mindre endring i reguleringsplanen for Botn Vest

### Dokument i saka:

Reguleringsplanen for Botn Vest

### Bakgrunn:

Svein Døvle Furulund søker om ei mindre endring av reguleringsplanen for Botn Vest. Han eig tomt 100/125 og ynskjer å etablere veg fram til hytta (sjå vedlagt kart, veg teikna inn øverst til høgre). Søklar har vore i samtaler med både planavdelinga og byggjesaksavdelinga for å få råd om best mogleg plassering av vegen. Området er sett av til friluftsområde. Vegen er tenkt opparbeidd med eit lag pukk slik at ein personbil kan nytte den. Etter opparbeiding av vegen vil ein ha på matjord slik at vegen gror til med stadeigne artar og gå mest mogleg i eitt med naturen. Det er relativt flatt i området slik at det ikkje er nødvendig med store naturinngrep for å opparbeide vegen slik den er planlagt.

Framlegget har vore ute på høyring hjå grunneigar og aktuelle naboar med frist for merknadar 11.03.2016. Det er ikkje kome inn nokre merknadar.

### Vurdering:

Det er diskutert kvar det er mest hensiktsmessig å legge vegen, og konklusjonen vart at det vil vere å leggje den i utkanten av nabetomtene og som ei forlenging av vegen opp til tomt 100/96 og 100/95 (vedlegg 2). Etter det ein kan sjå er det ikkje knytt store ulemper til ei

forlenging av eksisterande veg. Ny veg vert skånsamt opparbeidd og sådd til slik at den vil gå mest mogleg i eitt med terrenget og naturen omkring.

Søknaden har vore ute på høyring hjå aktuelle partar og det ligg ikkje føre merknadar til endringa. Plan – og miljøutvalet kan vedta endringa som ei mindre endring i medhald av plan – og bygningslova § 12-14, 2.ledd.

*Rådmannens framlegg til vedtak:*

|   |
|---|
| <p><b>Plan – og miljøutvalet godkjenner mindre endring av reguleringsplanen for Botn – Vest som beskrive i søknaden jf. plan – og bygningslova § 12 – 14, 2.ledd.</b></p> |
|---|

Rådmannen,

Jan Myrekrok, rådmann /s/